



NASJONALPARKSTYRET FOR JOSTEDALSBREEN

Til adressatar i følgje liste

Sakshandsamar: Tom Dybwad
Telefon: 57643123
E-post: fmsfttd@fylkesmannen.no

Vår dato
08.06.2011
Dykkar dato

Vår referanse
2011/2066 - 432.3
Dykkar referanse

Jostedalsbreen nasjonalpark - Referat frå møte 10.05.2011 i AU i Nasjonalparkstyret

Under følgjer referat frå møtet.

Møte nr. 1-2011 i arbeidsutvalget (AU) for Jostedalsbreen

Tid: Tysdag 10. mai 2011, kl. 8.45 – 9.05
Stad: Telefonmøte

Tilstades

AU:

Torodd Urnes
Eline Orheim
Nils P. Støyva

Frå sekretariatet:

Tom Dybwad

Underskrift

Eg stadfestar med mi underskrift at det som er ført i møteboka er i samsvar med det som ble vedteke på møtet.

Torodd Urnes (sign).

leiar

Saksliste og referat

Saksnr.	Innhald	Arkivsaksnr.
01-2011	Godkjenning av innkalling og dagsorden Ingen merknader	
02-2011	Dispensasjonssak (vedtakssak, sjå vedlegg)	2011/1468

3-2011	Orientering om sak Fylkesmannen er komen til ikkje er søknadspliktig (sjå vedlegg) AU sa seg samd i vurderinga som er gjort.	2011/1496
4-2011	Orientering om møte i NP-styret 9.-10. juni Tom Dybwad orienterte om opplegget med besøk på Norsk Bremuseum, synfaring ved Bøyabreen, sti til Flatbrehytta og i Supphelledalen 9. juni, overnatting på Mundal hotell, og møte i styret 10. juni. Innkalling med sakliste og årsmelding for 2010 vil bli sendt ut med det første.	
5-2011	Eventuelt Det var ingen saker til eventuelt.	

Dispensasjonssak (vedtakssak)

Her følgjer først ei oversikt over dispensasjonssak(er) med kort oppsummering og innstilling. Nedafor følgjer oppsummerte innstillingar med saksframlegg og vedtak, deretter i fulltekst, i same rekkefølge.

Saksnr.	Innhald	Arkivsaksnr.
Saker til handsaming:		
02-2011	Søklar: Egil Erdal (grunneigar, også på vegner av Indre Nordfjord Turlag og Erdalen Beitelag) Oppsummering: Søknaden er samordna mellom fleire for frakt av byggematerial i samband med restaurering av gamalt sel (Egil Erdal) på Erdalssetra, renovering av hytte på Vetledalssetra (Indre Nordfjord Turlag) og for renovering av setrebrua på Erdalssetra (Erdalen beitelag). Heimel: Pkt. IV, 4.3., 2. strekpkt for Jostedalsbreen nasjonalpark. Innstilling frå Fylkesmannen i Sogn og Fjordane: Dispensasjonen vert gjeve for inntil 20 helikopterhiv i alt, ein dag utanom søndagar og heilag dagar i tida 15.05. – 15.10.2011, på vilkår som går fram av saksframlegget. Framlegg frå Nils P. Støyva: Løyvet til 20 helikopterhiv kan fordelast over 3 dagar; dette av praktiske grunnar for søkjaren. Vedtak: Dispensasjon vert gjeve for inntil 20 helikopterhiv i alt, fordelt på 3 dagar utanom søndagar og heilag dagar i tida 15.05. – 15.10.2011, på vilkår som går fram av saksframlegget	2011/1468

Vedlegg:

Sak 02-2011

Egil Erdal
6799 OPPSTRYN

Sakshandsamar: Tom Dybwad
Telefon: 57 65 51 50
E-post: td@fmsf.no

Vår dato
10.05.2011
Dykkar dato
10.03.2011

Vår referanse
2011/1468 - 444
Dykkar referanse

Jostedalsbreen nasjonalpark - løyve til helikoptertransport for transport av materialar til Erdalssetra og Vetledalssetra

Nasjonalparkstyret for Jostedalsbreen har i møte: 10.05.2011, sak 2011/1468 gjeve løyve til helikopterfrakt av materialar. Det er gjeve vilkår for løyvet, og det er høve til å klage på vedtaket.

Vi viser til brev av 10.03.2011 med søknad om helikoptertransport.

Dokument i saka

1. Søknad datert 10.03.2011

Søknaden vert vurdert etter

1. Forskrift for Jostedalsbreen nasjonalpark av 25.10.1991
2. Søknad om tilskot i samband med restaurering av sel v/ Egil Erdal
3. Naturmangfaldlova av 19. juni 2009 nr. 100

Saksframlegg

Søknaden gjeld helikoptertransport av byggematerialar til

- restaurering av eit gammalt sel på Erdalssetra
- renovering av Indre Nordfjord Turlag si ubetjente hytte på Vetledalssetra
- renovering av setrebrua på Erdalssetra.

For tre ulike prosjekt er det såleis planlagt å samordne helikoptertransporten. Planen er å bruke helikopter frå P-plass ved Gongehogane som ligg ca. 1,7 km forbi garden Greidung, med luftlinje på 1,75 km til Erdalssetra og høgdeskilnad 150 m. Dersom det er aktuelt med betong til brua, må denne fraktast frå Greidung. Til saman vil det kunne dreie seg om kring 20 hiv med helikopter. Planen er å gjennomføre transporten i tidsrommet 15.05. – 23.06.2011, men de søker om tidsrommet frå 15.05.2011 – 15.10.2011 i tilfelle endring i planane.

Heimel

Søknaden må vurderast etter verneforskrifta pkt. IV, 4.3, 2. strekpkt. , og etter naturmangfaldlova

Motorferdsel er forbode i Jostedalsbreen nasjonalpark (verneforskrifta pkt. IV, 4.1). Forvaltningsstyresmakta kan gi løyve til motorferdsle for transport av materialar til hytter og klopper (verneforskrifta pkt IV, 4.3, 2. strekpkt).

Vurdering

Vi forstår det slik at tiltaka ikkje vil endre utsjånaden på sel, på hytte eller på brua, men gjeld difor vedlikehald som er tillatne etter verneforskrifta.

Tiltaka som det blir søkt om helikoptertransport av materialar for, er gode tiltak. Gamle sel er ein viktig del av kulturarven vår, og Vetledalshytta har ei lang og tradisjonsrik historie. Setrebrua på Erdalssetra er viktig både for både folk og beitedyr. Vi vurderer helikoptertransport som ein fornuftig transportmåte for materialar, og det er positivt at transport til desse tre prosjekta er samordna. Det vil vere uvanleg om det er villrein i området.

Vurdering etter naturmangfaldlova

Sekretariatet vurderer søknaden opp mot naturmangfaldlova §§ 8-12 slik:

§ 8 kunnskapsgrunnlag: Vi meiner vi har god kunnskap om verknaden av motorferdsel ut frå skjøtselsplan og tidlegare gjevne løyve i området.

§ 9 føre-var-prinsippet: For å unngå vesentleg skade på naturmangfaldet vert det i alle motorferdselsaker lagt vekt på løpande kontakt med Statens naturoppsyn (SNO), som har den beste oversikta over naturtilstanden og sårbare artar til ei kvar tid.

§ 10 økosystemtilnærming og samla belastning: Det er i utgangspunktet viktig for forvaltningsstyresmaktene å ta omsyn til dei strenge reglane for motorferdsel. Vi meiner at den samla belastninga av motorferdsel i denne delen av Jostedalsbreen nasjonalpark pr. i dag er på eit akseptabelt nivå.

§ 11 kostnadene ved miljøforringing skal berast av tiltakshavar: Tiltaket er ikkje venta å forringe miljøet utover den tida sjølve helikoptertransporten skjer.

§ 12 miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetode: Opplegget for bruk av helikoptertransport er truleg den beste løysinga for transport av materialar. Vi meiner og det er ein fordel at transporten skjer kvardagar (og ikkje i ei helg) av omsyn til friluftslivet.

Til orientering opplyser vi om at søknaden om økonomisk støtte til restaurering av det gamle selet på Erdalssetra må handsamast av Nasjonalparkstyret, ikkje arbeidsutvalet. Nasjonalparkstyret skal ha møte 10.06.2011.

FRAMLEGG TIL VEDTAK

Framlegg til vedtak frå sekretariatet v/ Fylkesmannen i Sogn og Fjordane:

Løyve vert gjeve på vilkår som går fram under, for

- Helikoptertransport som omsøkt med inntil 20 hiv, i tida 15.05. – 15.10.2011 utanom søndagar og heilagdagane, for frakt av materialar til restaurering av eit gammalt sel på Erdalssetra, for renovering av Indre Nordfjord Turlag si ubetjente hytte på Vetledalssetra og for renovering av setrebrua på Erdalssetra.

Løyvet vert gjeve på vilkår av at

- helikoptertransporten skal avgrense seg til det som er strengt naudsynt.
- Under helikoptertransporten skal det takast omsyn til dyreliv og folk på tur i området slik at ein så langt som mogleg unngår å uroe desse.
- Statens Naturoppsyn Jostedalsbreen ved Anne Rudsengen skal varslast på førehand om kva for dag de skal gjennomføre helikoptertransporten.
- Løyve til bruk helikoptertransport skal takast med under transport.
- Sekretariatet for Nasjonalparkstyret (for tida Fylkesmannen i Sogn og Fjordane) skal ha skriftleg tilbakemelding innan 1.11.2011 om gjennomført helikoptertransport.

Vi gjer merksam på at dette løyvet berre gjeld etter verneforskrifta og ikkje etter lov om motorferdsel i utmark og vassdrag med tilhøyrande forskrift. Eigen søknad må sendast Stryn kommune etter lov om motorferdsel i utmark og vassdrag.

VEDTAK I NASJONALPARKSTYRET SITT ARBEIDSUTVAL

På møtet 10.05.2011 i AU i Nasjonalparkstyret i Jostedalsbreen nasjonalpark gjorde Nils P. Støyva merksam på at søkjar ønskte at dei 20 helikopterhiva kunne fordelast på 3 dagar i den omsøkte perioden.

På møtet 10.05.2011 gjorde AU vedtak om å gi løyve i tråd med framlegget til vedtak, men med tilleggsvilkår om at

- helikoptertransporten kan fordelast på 3 dagar i den omsøkte perioden.

Klage

Vedtaket kan påklagast i medhald av forvaltningslova § 28. Frist for klage er tre veker frå vedtaket er motteke. Ein eventuell klage skal stilast til Miljøverndepartementet, men sendast til Nasjonalparkstyret for Jostedalsbreen ved sekretariatet.

Med helsing

Torodd Urnes
leiar (sign.)

Tom Dybwad
seniorrådgjevar

Dokument som vert sendt elektronisk er godkjent og signert elektronisk av Fylkesmannen i Sogn og Fjordane.

Kopi pr. e-post:

Direktoratet for naturforvaltning
Statens naturoppsyn Jostedalsbreen v/ Anne Rudsengen
Stryn kommune

Kopi pr. brev:

Erdalen Beitelag v/ Johan Berge, 6799 Oppstryn
Indre Nordfjord Turlag, Postboks 109, 6781 Stryn

Vedlegg:

Sak 03-2011

Kjøsnesfjorden kraftverk AS
6801 FØRDE

14.04.2011

Kjøsnesfjorden kraftverk AS - om løyve til helikopterflyging i Kjøsnesfjorden

Vi viser til brev av 30.03.2011 med søknad om løyve til helikopterflyging i samband med drift av regulerings- og overføringsanlegga i Kjøsnesfjorden kraftverk.

Då Kjøsnesfjorden kraftverk AS fekk konsesjon til bygging, var føresetnaden at grensene for Jostedalsbreen nasjonalpark skulle endrast slik at alle anlegg skulle bli liggjande utanfor nasjonalparken. Denne grenseendringa må skje ved Kgl. Res. i Regjeringa.

Det har teke tid å få dei nøyaktige nye grensepunkta. Representantar for Kjøsnesfjorden kraftverk AS, Jølster kommune og Fylkesmannen var på synfaring i området 17.08.2010. Vi fekk bestemt alle dei aktuelle nye grensepunkta med unntak av eitt, der vi ikkje kom til pga svært sterk vind slik at helikopteret ikkje kunne lande. Arbeidet med å fremje grenseendringa gjennom ein Kgl. Res. kan ikkje starte før det siste grensepunktet er bestemt.

Fylkesmannen meiner at dei omsøkte helikopterlandingane må sjåast som tillatne etter verneforskrifta, dvs. at dei ikkje treng løyve frå verneforskrifta for Jostedalsbreen nasjonalpark. Dette fordi føresetnaden for bygging av kraftverket er at alle anlegg skal liggje utanfor nasjonalparken, medan prosessen for å få dette formelt på plass har teke tid.

Vi gjer merksam på at etter at Nasjonalparkstyret for Jostedalsbreen nasjonalpark vart konstituert 1.02. 2011, er det nasjonalparkstyret som er forvaltningsstyremakt for nasjonalparken, medan Fylkesmannen er sekretariat inntil ein nasjonalparkforvaltar er tilsett og startar opp, truleg i august i år. Leiar i Nasjonalparkstyret, ordførar Torodd Urnes er informert om Fylkesmannen sitt syn i denne saka.

Med helsing

Nils Erling Yndesdal
fylkesmiljøvernssjef

Tom Dybwad
seniorrådgjevar

Dokument som vert sendt elektronisk er godkjent og signert elektronisk av Fylkesmannen i Sogn og Fjordane.

Kopi pr. e-post:

Jølster kommune
Direktoratet for naturforvaltning
Statens naturoppsyn Jostedalsbreen
Leiar i Nasjonalparkstyret, ordførar Torodd Urnes

Referat slutt.

Med helsing

Torodd Urnes
leiar (sign.)

Tom Dybwad
sekretær

Adresseliste: Medlemmane i AU, sendast på e-post

Torodd Urnes
Nils P. Støyva
Eline Orheim

Kopi til medlemmane i Nasjonalparkstyret, sendast på e-post

Einar Målsnes
Nils Gjerland
Gerd Dvergsdal
Anders Ryssdal
Gunvor A. Sunde

Kopi på e-post:

Statens naturoppsyn Jostedalsbreen